

Gulen - 76/3 Sellevåg treskofabrik - fredings sak

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknadar til forslaget til freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen kommune

Prenta vedlegg:

Forslag til freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen kommune

Kopi av Gulen kommune si handsaming av forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk

Uprenta vedlegg:

Dokumentasjonsvedlegg til forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk i Gulen kommune

Saksframstilling

1.FREDINGSPROSESSEN – SAKSGANG

I ”Verneplan for tekniske og industrielle kulturminner” (Riksantikvaren 1994), inngjekk Sellevåg treskofabrikk som eit verneobjekt av nasjonal interesse og den vart føreslege freda etter kulturminnelova. Sogn og Fjordane fylkeskommune varsla oppstart om freding 18.05.1994. Dokumentasjon av fabrikk vart utført i 1999/2000, men forslag om freding vart av ulike årsaker ikkje utarbeida.

Fylkesdirektøren sende nytt varsel om oppstart av fredingssak 19.01.2009. Oppstartvarslet omfatta forslag om freding av fabrikkbygningen, garasjen, demninga, røyrgata, lause gjenstandar knytt til treskoproduksjon samt eit avgrensa område rundt kulturminnet.

Fylkesdirektøren mottok fem merknadar til oppstartvarslet. Dei fleste var positive til at fabrikk vart freda, men ytra eit ynskje om at områdefredinga av ulike grunnar vart redusert slik at den ikkje omfatta deira eigedom. To av dei bad også om meir opplysingar om kva områdefredinga innebar for deira eigedom og fylkesdirektøren svarte på deira spørsmål i brev.

Etter at fristen for merknadar til oppstartvarslet var gått ut, utarbeidde fylkesdirektøren eit forslag til freding. I forslaget vart områdefredinga noko redusert i forhold til oppstartvarslet. Forslag om freding av Sellevåg treskofabrikk vart sendt ut på høyring til dei involverte partane 08.09.2009 og lagt ut til offentleg ettersyn hjå Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga. Frist for uttale var sett til 02.11.2009. Det kom inn ein uttale til forslag om freding i e-post frå Viggo Brandsdal som ynskte ei avklaring om hans eigedom var innanfor eller utanfor den føreslegne områdefredinga. Fylkesdirektøren svarte han i e-post av 15.09.2009 der det vart klargjort at hans eigedom ikkje ville vere omfatta av det endelege forslaget om freding.

Handsaming i Gulen kommune:

Forslag om freding vart oversendt Gulen kommune 10.11.2009 for politisk handsaming. Frist for uttale sett til 21.12.2009. Kommunen fekk utsett frist til 26.02.2010 for handsaming av fredingssaka. I saksutgreiinga peikar administrasjonen i Gulen kommune på at det er svært positivt for komande generasjonar og kommunen at Sellevåg Treskofabrikk vert freda – slik at lokal industrihistorie vert teken vare på og kan formidlast vidare.

Gulen kommunestyre gjorde 25.02.2010 fyljande vedtak: *”Gulen kommunestyre har ikkje innvendingar til at Sellevåg Treskofabrikk vert freda”*.

Hovudutval for kultur er delegert mynde til å gje uttale i fredingssaker på vegner av fylkeskommunen (jf delegeringsreglementet). Riksantikvaren gjer vedtak.

2.FORSLAG OM FREDING

I forslaget om freding av Sellevåg treskofabrikk omfattar fredinga fabrikkbygningen, garasjen, røyrgata, demninga pollen, maskineriet til treskoproduksjon samt spesialverktøy til treskoproduksjonen. I tillegg vert det føreslege å frede eit område rundt treskofabrikk for å sikre verkanden av fabrikk i miljøet.

Formålet med fredinga er å bevare Sellevåg treskofabrikk, som eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig eksempel på småskala industri frå fyrste halvdel av 1900-talet. Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser på det som viktig å ta vare på bygningens historiske utvikling og av

den grunn omfattar fredinga både det som er att av den opphavlege bygningen og nyare tilføyingar. Fredinga skal sikre fabrikk, pollen, røyrkata og demninga si innbyrdes samanheng, samt kulturhistoriske verdiar knytt til anlegget som heilskap.

Fredinga av bygningane sitt eksteriør skal sikre deira arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, slik som fasadeløysning, opphavlege/eldre vindauga og dører, materialbruk og overflater skal oppretthaldast. Formålet er vidare å bevare rominndelinga, bygningsdelane og overflater i interiøret. Vidare skal fast, herunder maskineriet for treskoproduksjon og kraftoverføring, samt spesifisert laust inventar bevarast som ein integrert del av interiøret.

Fredinga av pollen, røyrkata og demninga skal sikre heilskapen i anlegget som eit viktig eksempel på småskala industri i den tidlege fasen av industrialiseringa i Noreg. Formålet med områdefredinga er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet for komande generasjonar og å verna vitskaplege interesser som knyter seg til det, gjennom å oppretthalde anleggets karakter av industriområde slik det framstår med dei nemnde elementa.

Forslaget om freding av lause gjenstandar knytt til treskoproduksjon gjer at fredinga skil seg ut frå dei fleste andre fredingssaker. Ein er svært tilbakehaldne med å frede lause gjenstandar men Fylkesdirektøren vurderer spesialverktøy, skant og treskomodellar til å være så viktige for å bevare heilskapen og for forståinga av kulturminnet at dei må sikrast sterkest mogleg vern. Lista over lause gjenstandar er utarbeida i samarbeid med Magne Sellevåg (eigar), der han har gått igjennom produksjonslinja saman med fagfolk frå kulturavdelinga og peika ut spesialverktøy nytta i produksjonen.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Sellevåg treskofabrikk er eit kulturminne av nasjonal interesse som det er viktig at vert sikra gjennom freding. Ved at fredinga omfattar alle bygningar og bygde konstruksjonar, maskineriet for produksjon av tresko, spesialverktøy knytt til treskoproduksjon samt eit område rundt vert kulturminnet sikra for framtida. Noko av det unike med Sellevåg treskofabrikk er den høge grada av autentisitet i bygningane, maskineriet og spesialverktøy som framleis er på sin opphavlege stad. Dette gjev anlegget ein høg kjeldeverdi til den tidlege småskala industriproduksjonen på vestlandet.